

Ulvik Cittaslow



Referat frå Cittaslowrådsmøte

Tid: Torsdag, 15.06.2017, kl. 16:00-17.30

Varighet: 1,5 t

Sted: Kantina, 2.etg. Sentrumsbygget i Ulvik

Møtt:

Ingrid Prestegard

Stein Olav Kolås

Arne Haukeland

Geir Neteland

Jenny Johnsen

(Natalia Golis gjekk kl.16.20)

Saksliste

15/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden (V)

Vedtak: Godkjennes

16/17 SeaWalk i Ulvik (V)

Søknad inkludert ferdig utarbeida konsekvensutgreiing frå verksemda SeaWalk Ulvik AS kommer etter sommaren 2017. Vedlagt er utkast til høyringsbrev frå Cittaslowrådet. Rådet diskuterte denne og vurderte framdrifta før sommaren, fram mot høyringsperiode og ope møte.

Vedtak:

Forslag til uttale sendast ut til alle i rådet. Tilbakemelding/ innspel sendes til Jenny innan måndag 26/5, med kopi til alle i rådet (svar direkte på eposten så får alle den). Uttalen blir reinskreven og sendt til Ulvik herad. Avisa Hordaland blir kontakta om ei mogleg større reportasje om Cittaslow i samband med brosjyra, uttalen (og anna me har jobba med), samt marknadsføring av Oktobertorget og eplekakekonkurransen. Fleire av rådets medlemmer bør bli med, best mogleg dekning.

17/17 Oktobertorg (V)

Oktobertorg planlegging og rådets deltaking ble drøfta. Rådet skal i år syta for konkurranse, stand og innspel til innhald, profil og program. Det skal vere Cittaslow-stand i regi av rådet.

Rådet stiller i ulike økter den dagen. (Oktobertorgmøte var innkalla til rett etter Cittaslowrådsmøte)

Vedtak:

1. Cittaslow stand

- a) Barneaktivitetar ved standen: Til dømes lage sniglebilder ved bruk av farga linser/erter evt. anna kunst, som det blir laga utstilling av i etterkant.
- b) Gjette vekt på antall linser på eit glas med premiar
- c) Brosjyrar og info
- d) Visuelt materiale; td. bilde frå grønsakhagen i barnehagen, bilder frå prosjekt på Brakanes Skule og skulemat, delegasjonstur til Italia, Nordic Cittaslow mm. Skal synleggjera kva me har gjort og kva me planlegg vidare.

2. 9.klasse

Blir spurt om å arrangera barneleikar på torget. Trivselsleik har vore tema på skulen. Natalia tek kontakt med Anne Hjelmevoll, som overtek i rådet etter Arne Haukeland.

3. Matsservering

Positivitet rundt «Food Court» ideen, der det blir sett fram bord og stolar som alle kan nytta. Bygdekvinnelaget, Slow Food Hardanger og andre som bidreg med matsservering, riggar felles spise-område i lag.

4. Eplekakekonkurranse

Positive til å fortsetja eplekakekonkurranse 2017. Informasjon må ut tidleg med kriterier. Fin premie som inspirera til deltaking, td restaurant for 2, til dømes kjent restaurant i Bergen. (Diskutert til slutt)

5. Profilen til Torgdagen

Profil er viktig. Bygg stein for stein med høg kvalitet. I marknadsføringsaspekt ble det vurdert å endre namn til Cittaslow-festival. Torget skal ha fokus på heile regionen. Utvida og leggja til rette for endå større torg framover, som eit større bondens marknad. Invitera Sylvsmidja ned for å selja bunadssølv.

18/17 Orienteringar (O) -utsatt

- Delegasjonsreise til Ulvik sin vennskapsby Greve og utvekslingar 2017/2018

19/17 Ymse

- Møteplan og møtetid:

Vurdert å flytta møtetid til kl 18-20. Foreslår onsdag som fast møtedag.

Viktig at den som ikkje kan møta, sender vara.

Datoar må sjåast i samanheng med det som skjer utover hausten (høyring om SeaWalk, Oktobertorg, møte i Coordinating Committee i november etc.)

Møteplan hausten 2017:

- Onsdag 30.august
- Onsdag 20.september
- Onsdag 22.november

- Brosjyra ble gjennomgått med siste endringer. Sendes til trykk mandag 19.6.

Takk for møte!